



Førehandsstemte. Kari Irene Almarkås ga stemma si til Kaia Hagen i Bø kommune på tysdag.

Foto: Hilde Eika Nesje

Slik stemmer du

Kven kan stemme?

- Alle folkeregistrerte personar i Bø kommune som er født i 2000 eller før kan stemme
- Det er 4830 stemmeføre i kommunen med 16- og 17-åringane

Korleis kan ein stemme?

- Ein kan krysse JA til kommunesamanslåing
- Ein kan krysse NEI til kommunesamanslåing
- Ein kan la vere å krysse av for nokon av alternativa viss ein er usikker; stemme blankt

Kor kan du stemme?

- Bø krins: Gullbring kulturanlegg
- Eikjabygda krins: Eikjabygda grendehus
- Folkestad krins: Folkestad skule
- Forberg krins: Forberg skule
- Valen og Flatin krins: Valen og Flatin grendehus
- Vatnar krins: Vatnar grendehus
- Øvre Bø krins: Friheim ungdomshus

Når kan du stemme?

- Søndag 10. april klokka 12-18 i alle krinsane

Førehandsstemming: Kor og når?

- Torsdag 7. og fredag 8. april kl. 12-18: Bø kommunehus
- Torsdag 7. april: Bø sjukeheim
- Fredag 8. april kl. 11-12.30: 10. klassingar kan stemme på Bø kommunehus

Viktig å hugse:

- Legitimasjon med bilde: pass, førarkort eller bankkort (skulebevis er ikkje gyldig, men stemmer du der ein valfunksjonær kjenner identiteten din, kan du klare deg utan)

Kan stemme blankt. Slik ser stemmesetelen ut. Ein stemmer enten ja eller nei ved å krysse i ei rute. Ein kan også stemme blankt ved å la vere å krysse av.

Foto: Hilde Eika Nesje